



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Formannskapssalen
Dato:	02.05.2024
Tid:	10:00 - 14:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Ravna Skjærvik	Leiar	AP
Ståle Sagvaag	Medlem	FRP
Arne Zahl Røksund	Medlem	SV

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Rune Kvernenes	Nestleiar	H
Bente Spissøy	Medlem	INP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Magnar Skålevik	Bente Spissøy	INP

Ingen av varamedlemmane kunne møte for Rune Kvernenes

Andre som møte:

Kjetil Aga Gjøsæter	Kommunedirektør
Morten Helland	Ordførar
Jarle Nakken	Økonomisjef
Hanne Jacobsen	Dagleg leiar Bømlo kulturhus KF
Sonja Hellen Sele	Styreleiar Bømlo kulturhus KF
Else Holst-Larsen	Rekneskasrevisor, Deloitte AS
Erlend Risvand Mo	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Ragnhild Ravna Skjærvik
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/24 GK 6/24	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte 11.04.2024	2023/512	
	Politiske saker		
PS 15/24	Årsmelding og årsrekneskap 2023 for Bømlo kulturhus KF - uttale frå kontrollutvalet	2023/487	
PS 16/24	Årsmelding og årsrekneskap 2023 for Bømlo kommune - Uttale frå kontrollutvalet	2023/487	
PS 17/24	Teljeprais gjeldande praktisering av § 7.1.1 i arealdel kommuneplan - bestilling til Deloitte AS	2023/496	
PS 18/24	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2028	2023/393	
PS 19/24	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2028	2023/394	
PS 20/24	Konkurransetsetting av revisjonstenester - fullmakt til kontrollutvalet	2024/67	
PS 21/24	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/40	
PS 22/24	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/483	
PS 23/24	Eventuelt	2023/482	

Godkjenningssaker

GK 5/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 02.05.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknad til innkalling og saksliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 6/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 11.04.2024

Saksprotokoll 02.05.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknad til møteprotokoll frå møte 11.04.2024.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 11.04.2024 vart samrøystes vedteke.

Politiske saker

PS 15/24 Årsmelding og årsrekneskap 2023 for Bømlo kulturhus KF - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet merkar seg at Bømlo kulturhus KF i 2023 har eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 1 054 945 som gjer eit netto negativt driftsresultat på - 8,93 %, langt svakare enn tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet merkar seg og eit disposisjonsfond med 0 %, som er mindre enn tilrådinga frå Riksrevisjonen på 5 %, og ein lånegjeld på tilfredsstillande 21,14 %
3. Kontrollutvalet støtter seg elles til Deloitte sin uttale i revisjonsberetning om Bømlo kulturhus KF
4. Uttalen vert sendt kommunestyret via formannskapet

Saksprotokoll 02.05.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Dagleg leiar og styreleiar orienterte om årsmeldinga og årsrekneskapen for 2023 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Bømlo kulturhus KF har høge inntekter men har og høge kostnader.

Rekneskapsrevisor orientere kort om revisjonsberetningen

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet merkar seg at Bømlo kulturhus KF i 2023 har eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 1 054 945 som gjer eit netto negativt driftsresultat på - 8,93 %, langt svakare enn tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet merkar seg og eit disposisjonsfond med 0 %, som er mindre enn tilrådinga frå Riksrevisjonen på 5 %, og ein lånegjeld på tilfredsstillande 21,14 %
3. Kontrollutvalet støtter seg elles til Deloitte sin uttale i revisjonsberetning om Bømlo kulturhus KF
4. Uttalen vert sendt kommunestyret via formannskapet

PS 16/24 Årsmelding og årsrekneskap 2023 for Bømlo kommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2023.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 30 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at kommunedirektør kjem i møte 19.09.2024 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten
3. Kontrollutvalet tek resultatet etter etterlevingskontrollen til orientering.

Saksprotokoll 02.05.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kom. dir. og økonomisjef orientere om årsmelding og årsrekneskap 2023 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Resultatet er svært svakt og dette er og noko som ein tek med seg inn i 2024. Kommunen har og svak likviditet. Kostnadene kjem ofte før inntektene.

Kommunen har starta opp arbeidet med å kutte kostnader i drifta.

Rekneskapsrevisor orienterte om revisjonsmeldingen og revisjonsrapport nr. 30 og rapport etter etterlevingskontrollen. I samråd med kontrollutvalet og revisjonen vart ein einig at det ikkje er noko vesentleg å følgje opp etter revisjonsmelding nr. 30. Då utgår pkt .2 i forslag til vedtak, medan opphavelag pkt.3 vert pkt. 2

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2023.
3. Kontrollutvalet tek resultatet etter etterlevingskontrollen til orientering.

PS 17/24 Teljepraksis gjeldande praktisering av § 7.1.1 i arealdel kommuneplan - bestilling til Deloitte AS

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 02.05.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Bakgrunn for bestillinga er ein førespurnad til kontrollutvalet frå ein innbyggjar knytt til dei begrensingar som gjeld for bygging av bustadhus innanfor område som i arealplanen til kommunen er definert som landbruks-, natur- og friluftsområder (LNF), og kommunen sin praksis for tildeling av løyve innanfor desse begrensingane.

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-11 nr. 2, kan kommunen i arealplan (i den utstrekning som er naudsynt) gi føresegn om å tillate spreidd bustad-, fritids- eller næringsbebygging gjennom handsaming av enkeltvis søknadar eller reguleringsplanar, når føremålet, omfang av bebygging og lokalisering er nærare skildra i arealplanen. Bømlo kommune har i sin arealplan utarbeidd slike føresegn, og opna for eit bestemt tal bustadar og andre bygg i LNF-område i ulike delar av kommunen.

Ved tildeling av løyve til utbygging innanfor LNF-område, har Bømlo kommune ført ein praksis der dei første som har søkt om rett til oppføring av bygg har fått løyve til dette (gitt av søknad tilfredsstillar krava i plan- og bygningslova og kommunalt planverk). Dei tildelte løyva har fortløpande blitt trekt frå det definerte talar bustadar som kan byggast innanfor LNF-område i ein gitt sone/krins av kommunen. Dersom det i ein gitt sone/krins til dømes er opna for bygging av fire bustadar innanfor LNF-området, vil dei fire første som får godkjent søknad om dette, få tildelt løyve. Søkjar nummer 5, vil derimot ikkje få tildelt løyva, sjølv om søknaden tilfredsstillar krav i regelverk og kommunalt planverk.

I sin praksis for vurdering og godkjenning av løyve til utbygging i LNF-område, skil ikkje kommunen mellom frådeling av tomt og oppføring av bygg når den tel opp kor mange løyve som har blitt gitt. Søkjarar som har fått løyve til frådeling av tomt meint nytta til bygging av bustad, blir også telt som ein del av talet bustadar det blir gitt løyve til oppføring av. Dette for å sikre at det for eigedomar som blir skilt ut også blir sikra løyve til å bygge, og for å unngå at søkjarar som har fått skilt ut tomt ikkje skal få lov til å bygge på tomte, fordi det i mellomtida har blitt gjeve byggeløyve til andre. Dette inneber samstundes at så snart det er gjeve løyve til frådeling av tomt til det talet søkjarar arealplanen sine føresegn definerer, vil det ikkje blitt tildelt fleire løyve til bygging utover dette.

Føremål

Føremålet med prosjektet vil vere å gjennomgå og vurdere Bømlo kommune sin tellepraksis for delingssaker i LNF-område,

Problemstillingar:

1. Er gjeldande tellepraksis i samsvar med:
 - a. gjeldande kommunalt planverk?
 - b. gjeldande regelverk?

Vedtaket vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte AS gjennomfører ei undersøking slik det kjem fram ovanfor
2. Kontrollutvalet aksepter ein kostnad på inntil 50 timer. Utvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å vurdere vidare prosess om Deloitte AS treng meir tid på oppdraget.
3. Kontrollutvalet ønskjer at undersøkinga skal vere ferdig innan 01.09.2024 slik at kontrollutvalet kan handsame rapporten i møte 19.09.2024

PS 18/24 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2028

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Bømlo kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innfor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

Saksprotokoll 02.05.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor gjennomførte prosessmøte med kontrollutvalet.

Dokument gjeldande plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028 vart gjort ferdig i møte.

Sekretariatet har motteke denne frå Deloitte AS same dag.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Bømlo kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafør dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

PS 19/24 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2028

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 for Bømlo kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafør dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontrollar til kommunestyret etter kvart.

Saksprotokoll 02.05.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor gjennomførte prosessmøte med kontrollutvalet.

Dokument gjeldande plan for eigarskapskontroll 2024-2028 vart gjort ferdig i møte.

Sekretariatet har motteke denne frå Deloitte AS same dag.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 for Bømlo kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.

3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innfor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontroller til kommunestyret etter kvart.

PS 20/24 Konkurransetsetting av revisjonstenester - fullmakt til kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Bømlo kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2025. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument
- Knytte til seg naudsynt hjelp.
- Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

Saksprotokoll 02.05.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte kort om saka.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Bømlo kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2025. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

2. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument
3. Knytte til seg naudsynt hjelp.
4. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

PS 21/24 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 02.05.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte mellom anna om dette:

- Karmsund havn IKS
- Visit Sunnhordland
- Sjukefråvær 9,4 % i februar og mars 2024 (sjukefråvær i 2023 var på 7,84 %)
- Økonomi og driftsrapport
- Skatt og inntektsutjamning -skatteinngangen er god
- Investeringar: - Brannstasjon/Legekontor Svortland/Våge skule - Renovering og ombygging av BHH

Presentasjonen vart send til utvalsmedlemmane 07.05.2024

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 22/24 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 02.05.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko ved gjennomgang av møteprotokollen

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollen som går fram av saksutgreiinga til orientering

PS 23/24 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 02.05.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

First Agenda og kontrollutvalet

Kontrollutvalsmedlemmane har fått tilgang til First Agenda, men ser ikkje at kontrollutvalet sine saker er der.

Kontrollutvalet ber om at kontrollutvalet sine saker vert lagt inn i First Agenda framover

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber Kommunedirektør om ei orientering om saka slik det kjem fram ovanfor, til møte 19.09.2024.